



Kyrkjelyds blad

FØR HAUS PRESTEGJELD

Nr. 1

Januar 1942

1. årgang

„UNDARLEGE TING VI SJÅ”

Av biskop *Fleischer*.

I krigstida, — som for vårt land nå nærmar seg to år, — har vi sett nokre underlege og uventa ting:

1. At folket har greidd seg såvidt *godt* som vi har gjort. Mat har vi hatt til idag, og vi frys ikkje heller så mykje denne vetteren som ifjor. Roleg og verdigt har folket også teki krigshendingane — etter den aller fyrste panikken. Ein får ei sterk kjensla av, at vårt folk framleis vil vera *liv laga*.

2. Men det andre underlege er, at nauda og vanskane som fylgjer med krigen, ikkje har ført til større åndeleg liv og kveik. Visst ser ein både i by og bygd noko større søkning til gudstenestene og serleg til nattverden. Og dette er vi som ser vår Norske Kyrkja som mor til alt av åndsarv i folket vårt, sjølvsagt glade og takksame for. Og ein høyrer også

noko om åndeleg vekkjing frå ymse bygder. Men — stort sett — er det *ikkje* komi nokor åndeleg oppattnying. Og ymse stader er det heller *mindre* samling om ordet og sakramenta enn før. Dette er underlegt, når ein ser:

3. At folket på jamnan har ei sers ljøs tru på framtida, og på utgonga av denne store krise, som vårt land og vårt folk er dregne med i. Vi *veit* då ingen ting om utfallet. Og vi *ser* då berre, at stendigt *nye* folk vert dregne med i krigsøydinga. Like fullt *trur* og *vonar* vi berre *godt*. — Sjølvsagt botnar denne trua og vona i ei — medvita eller umedvita — *kristen-tru*. Grunnen og trygda for denne trua og vona er den *levande vona* som Gud har atterfødd oss til ved Jesu Kristi oppstoda frå



dei døde. Utan *denne* tru på vår Himmelske Fader som styrer *alt* til gode for deim som elsker Gud, vert denne tru og von grunnlaus og meiningslaus. Men — »*Alt hos Gud er gode råd, — til frydesang han vender gråd, så lett som vind og vove.*«

Så bør då alle De som lever på denne trua og vona også gjeva Gud æra ved å omvenda Dykk til Honom — vårt berg og vår atterløysar. De bør gjeva Gud og vår Frelsar den æra som tilkjem Honom, ved åpe og ærleg å

vedkjenna Dykk den trua som De *må* leva på. Dersom alle som umedveti lever på denne Guds-trua, ville vedkjenne seg den og samla seg med kyrkjelyden, ville vi sjå ein veldig framgong for folk og kyrkja i vårt kjære fedreland. —

Så ynskjer eg med dette også alle lukka og signing for dette nye kyrkjebladet for Haus, Arna og Gjerstad sokner. — Hjartans nyårshelsing til alle kyrkjelemer!

Andreas Fleischer.

TIL KYRKJELYDANE I HAUS, ARNA OG GJERSTAD



I sammøte av Haus, Arna og Gjerstad sokneråd den 7. desember 1941 vart det samrøystes vedteke å gjeva ut eit kyrkjelydsblad for Haus prestegjeld.

Tanken om eit kyrkjelydsblad er ikkje ny. I 1932 sende såleis dåverande res. kap. Hollekim førespurnad til sokneråda om dei ville stydja arbeidet med å få istand eit kyrkjelydsblad, anten for heile prostiet eller for prestegjeldet. Sokneråda stella seg velviljuge til tanken, men spørsmålet om fellesblad for heile prostiet skulle drøftast på sammøte av alle sokneråda. Etter førehaving på eit par sammøte vart tanken om fellesblad for prostiet oppgjeve. Førre året fekk Hamre og

Åsane sitt blad, og vi er glad for at Haus prestegjeld nå har fått sitt.

Det er ikkje lettaste tida å starta eit nytt blad nett nå. Men i vissa om at bladet har ei stor oppgåve å løysa, og i von om at det vil verta vel motteke i heimane, vågar vi likevel å la det sjå dagsens ljøs nå.

Prestegjeldet vårt er stort og folket bur noko spreidd. Det er langt frå Hakeneset til Bjørndalen og frå Skulstad til Loftås. Mange har lang og tung veg til kyrkja og har såleis vanskeleg for å koma til Guds hus så ofte dei ville. Dette vesle bladet ynskjer difor å vera ei helsing frå kyrkja, minna om gudstjenestene og på ymse vis bera bod om liv og arbeid i kyrkjelydane.

Det ynskjer vidare å vera ein bindelekk mellom heimbygda og dei som reiste vekk frå heimstaden sin.

Endeleg og ikkje minst ynskjer vi det måtte få tena arbeidet for Guds rike i prestegjeldet vårt.

Det er tanken at bladet skal koma ut 1 gong kvar månad, helst til siste helg i månaden. Dei 3 første nr. vil verta sendt til alle heimar i prestegjeldet. Når bladet såleis er vorte kjent, er det vår von at det vil få mange tingarar. Prisen vert kr. 2.00 for året.

Med dette sender eg alle i kyrkjelydane mi beste helsing.

Red.

VER HJÅ OSS!

Av res. kap. O. Hagesæther.



To vonbrotne vener er på veg til den vesle byen Emmaus. Vegen ber bort frå venelaget, bort frå minne om det som dei før hadde sett store voner til. Bort frå seg sjølve vilde dei vel helst ha fare.

Me kjenner soega frå Luk. 24. Me minnest at det kom ein framand og gav seg i lag med dei. Og denne framande mannen gav dei nytt livsmot. Difor kjem det så naturleg frå dei to då det ser ut til at han vil fara vidare: »Ver hjå oss! For det lid mot kveld og dagen hallar.«

Det lid mot kveld — i slike stunder er tankane alltid så mange. Då kjem det minne fram. Ofte tunge minne om slikt som ein makter å gløyma i dagsens strid. Og då kjem det tankar om mørkret som er like innpå ein.

Det lid mot kveld — det er så mykje som minner om skumringstimer i verdi i dag. Kan vere lid det mot den siste store kvelden som Bibelen talar om. Me veit ikkje. Men det veit me at tankane vert så mange og ofte så tunge nett nå. Minni strøymer på — minni om det som ein gong var. Otten er heller ikkje langt borte frå oss — otten for det ukjende, otten for oss sjølve og for våre.

Kvar går me så av med alt det me strider med? Det er det store spørsmålet. Kryp me inn i oss sjølve og gjør oss harde og kalde? I det er det ikkje trøst eller von.

Gjer som dei to venene. Dei ba Jesus om å verta verande hjå dei. Ja dei nøydde han, står det endå. Så om å gjera var det for dei å ha han hjå seg.

Me treng så mangt i denne tid. På alle måtar er det sant. Men ein ting treng me alle framom alt: at Jesus er hjå oss!

Det er nok mange som har gløymt Jesus heilt av. Kan hende er du ein av dei. Det er mange år sidan du i det heile hadde noko serleg med han å gjera. Han har i det heile ikkje vore i tankane dine *på den måten*. Men du treng han like fullt. Og i denne tid har du hatt ei kjensle av det kan hende. Så bed han inn til deg. Gjer det barnleg og einfaldig.

Korleis gjekk det så? Jau Jesus gjekk inn til dei og var i lag med dei. Og han gav dei ei glede som dei aldri før hadde visst om.

Han gjer det same i dag.

Det vesle bladet vårt ville gjerne vera ei helsing frå han som ynskjer å gjeva oss alle livsmot og livsmeining. Måtte det lukkast for denne røysti frå Gud å nå inn til heimane våre og hjarte våre!

Olav Hagesæther.

KYRKJELYDSBLADET HAR EI STOR OPPGÅVE

Av soknerådsformannen i Gjerstad,
klokkar Karstad.

Det er ei stor glede å vita at det no vert teke til med kyrkjelydsblad også i vårt prestegjeld. Ein stor part av kyrkjelydane i landet har no slike blad, dei har vist seg å ha livsrett og vore til stor signing og glede. Dei fremjar samkjensla innan kyrkjelyden, og kjem som

ei kjær helsing med trøyst og oppmuntring til mange som ikkje lenger kan koma til samværet i Guds hus. Og »kyrkjebladet« som mange seier for å gjera eit langt ord stuttare, er ei kjær helsing frå heimbygdi for mange utflutte. Dette veit eg av eige røynsla, det

kjæraste bladet eg får er kyrkjebladet frå heimbygdi. Difor vert det mi fyrste oppmoding til lesarane: Send skyldfolk og vener nokre nr. av bladet, så dei får kjennskap til dette tiltaket og kan verta tingarar.

Kyrkjebladet vårt ser dagsens ljøs i ei vanskeleg tid, men i tider som vert kalla vanskelege, har så mange gode tiltak fått sin fyrste start her i landet. Det er i så måte eit godt teikn at soknerådi våre går til løysing av denne saki no. Ja saki var så moden til løysing at på sammøte av dei tre soknerådi var det ikkje eit einaste *om* eller *men*, alle gjekk samrøystes inn for å få bladet i gang straks.

Når bladstyraren bad meg om ei helsing frå Gjerstad sokneråd, så er det dette eg serleg vil seia til folket i grendene våre: Syn den same gode tru som soknerådi på dette tiltaket, tak mot bladet med gleder og velvilje og lat det verta ein fast gjest i alle heimar. Lat oss



stå saman om dei gode og byggjande tiltak, det er landet si framtid og lukka.

Gud signe den gode såd som kyrkjelydsbladet ynskjer å koma inn i heimane med.

Andreas Karstad.

ALT I HAN

Av sekretær *M. A. Hauge.*



Kristus Jesus er det eine store midtpunkt i og for Guds kyrkjelyd. Ja han er sjølv

Hovudet for kyrkja. Frå han kjem alt skapande liv og livsvarme, all åndeleg livskraft og velsigning. Utan Jesus Kristus inkje åndeleg liv med kjærleikens livsvarme. Utan Jesus Kristus ingen nåde med syndeforlating og lækedom og sæl hjartefred. Der kann nok i det ytre vera mykje som likjest kristendom og hev skin av gudsfrykt; men det er likevel berre eige væsen alt so lenge ikkje »blodet av Kristus... som bar seg sjølv fram som eit ulasteleg offer for Gud, hev fenge reinsa samvitet frå døde gjerningar til å tena den livande Gud«. Hebr. 9. 14.

Men i Jesus Kristus er gjeve oss alt som høyrer til liv og gudlegdom. 2. Pet. 1. 3.

»Han er full av nåde og sanning. Og av hans fullnad hev me alle fenge og det nåde over nåde«, Johs. 1. 14. 16. I kraft av nåden ved Jesus Kristus fær me leva dag etter dag

under fullnaden av hans nåde. Nåden avløyser ny nåde, nåde *noke* både for sjel og kropp.

Ved synet av nådens rikdom ved Jesus skriv Paulus: »I han hev me utløysingi ved hans blod, forlating for syndene etter rikdomen av hans nåde. Efes. 1. 7. Her er livets opphav og livets rikdom. *Utløysingi* — frå alle band, frå all urettferd, frå alle syndemakter, frå all sjølvvisk eigenrettferd. Alt høyrer med i syndebunken som ein fær bera fram for Gud, Herren, og der fær utløysingi *ved hans blod, — forlating for synderne.* Herlege nådestand som høyrer kvar ærleg nådesøkjande syndar til!

Men her på denne plassen vert det også:

Alt for Han.

»For *hans skuld* hev eg tapt det alt saman, og held det for skarn, berre eg kann vinna Kristus.« Filip. 3. 8. — Inn for Gud er det ingen ting som hev verd anna Jesus Kristus og han åleine!

Sæl den som hev fenge dei åndelege auge opne for denne sanning og teke imot nådens rikdom ved Jesus Kristus!

*

Når eg med dette, etter oppmoding, sender denne helsing til det nye kyrkjelydsbladet for kyrkjelydane i Haus, er det med ynskje um at tiltaket må lukkast. At bladet måtte verta eit reidskap til fruktbergjering for kristenlivet og tenesta for Herren innan kyrkjelydane våre.

M. A. Hauge.



Far si peikande hand.

Ein kveld kom eg noko tidleg heim frå eit møte. Det var blankt måneskin, og eg gav meg stunder til å studera litt på månen, storleiken, kva retning han stod i ved det klokkeslett det då var.

Kvelden etter var eg i byen saman med to av smågutane. Då me skulle ro heimat, kom tett skodde på oss, og fjorden var dam-still. Eg sette meg bak i båten og skulle halda utkik etter fyrlykti på byodden, og gutane rodde. Men straks var ljuset borte, og eg freista gjeva dei retningen etter den kant eg høyrde bylarmen ifrå. Det gjekk straks gale, eg tykte eg høyrde vogner og ståk rundt på alle kantar. Eg såg meg hjelpelaus ikring ut i skodda, og gutane slutta å ro. Då kom eg til å sjå opp og vart vår ein ljøs flekk i skodda. Kva kunne det vera? Men straks kom eg på at det måtte vera ljøsken frå månen. Då vart eg glad over at eg hadde gjeve gaum på månen kvelden før, eg tok opp klokka og rekna ut at no måtte månen vera temmeleg rett i aust. Nett det var retningen me skulle fara for å treffa på det trange sundet me skulle igjen-
nom. Då snudde eg ryggen til det eg før hadde streva å finna hjelp av, og rette eine armen opp og fram mot den ljøse flekken. Og så rodde gutane etter som armen peika. Me kom rett mot sundet og var snart vel heime.

Denne vesle hendingi kjem ofte fram for meg og har så mykje å fortelja meg. Når me vil freista finna livsvegen etter verdi sitt ljøs og folkestimen sin larm og låt, då misser du snart alt feste og driv hjelpelaus som me gjorde i skodda. Det vart meg ei verdfull rettleiding at eg hadde gjeve gaum på månen kvelden før. Tek du deg tid til å sjå på ljuset frå Gud og gjev deg stunder til å granska Ordet, så skal du få oppleva korleis det vil hjelpa deg i så mang ei vand stoda.

Og du far og mor, har du gjeve gaum på det rette ljuset, Guds ord, og står med di peikande hand og syner borni dine den rette lei

heim? Eller er det verdi og alt kring deg du stirer etter slik som eg den kvelden i skodda? Ser borni at far og mor er hjelpelaus i åndelege spørsmål så dei sjølv sluttar å ro? Då vil de alle driva hjelpelaus om i myrkret. Dette er alvorsame spørsmål som du må finna rette svaret på.

Far og mor, ver ei peikande hand mot Gud for borni dine, syn dei rette lei og før dei ikkje på avveggar fordi du gløymer å sjå opp mot ljuset og livet frå Gud.

Å Herre Gud, du ser kor ofte eg har vendt mine augo mot verdi, hjelp meg å vera ei peikande hand for deg! A. K.

Nya kraften.


På det gilde nyårsmøte i Gjerstad vart det fortalt ei liti svensk soge. Ei fattig enkje budde like ved eit skipsbyggeri. Kravi var mange og vanskane fleire for henne. Eit nytt skip stod mest ferdig på beddingen, og ein dag ho gjekk forbi, såg ho namnet var måla på. »Nya Kraf« stod der. Ja, det høver godt, tenkte ho, berre nye krav og meir møda. Og ho sukka og vart meir tunglynt.

Dagen etter kom ho atter framom, men då såg ho til si undring at der stod »Nya Kraften«. Det var nok eit uferdig namn ho hadde sett fyrste dagen. Ho hadde teke feil, det var ikkje nye krav, men ny kraft det skulle verta.

Denne soga kom fram att for meg no eg tenkte på det nye bladet. Kva kjem folk til å tenkja? Er det berre eit nytt krav dei kjem til å sjå? Ja det kjem nok med sine krav, men likevel eit feil namn på tingen. Vent til »neste dag« og sjå det rette namnet, tak imot det bladet har å fortelja deg, gled deg over det gode du får sjå, og lat deg trøysta og oppbyggjast av Ordet, — og du skal sjå at den vesle gjesten vert til kveik i kvardagsstrevet, — ei ny liti kraft for deg.

Ikkje nye krav, men ny kraft for den ein-skilde og for kyrkjelydane er det bladet ynskjer å vera. A. K.

Altartavle til Gjerstad kirke, malt av Frida Rusti.



Ord til borni.

For over to hundrad år sidan sat ein misjonær og skreiv Nytestamentet for eit heidningefolk ute i India. Han hadde ein heidning med seg i det arbeidet for å få hjelp med omsetjingi.

Då kom dei så langt som til første Johannesbrevet. Dei heldt på med første verset i det tridje kapitlet. Men då skar heidningen i å gråta. »Korleis skal me omsetja det?« sa han. »Hadde det stått: Sjå kor stor kjærleik Faderen har synt oss at me skal få kasta oss ned

for føtene hans, så hadde det og vore for stort for oss. Men nå står det: at me skal få kallast hans born — Guds born!«

Ja det er stort. Det er det største av alt. Tenk på det om dagane, at du skal få lov til å høyra Gud til, vera hans eige barn. Då vert du glad. Og då treng du aldri vera redd. For far din i himmelen vil vera hjå deg alltid. Og då vil du også ottast for å gjera det som er urett og dårleg. For hans auga fylgjer deg. Då vert livet ditt lukkeleg. Og då har du ein heim i himmelen som ventar på deg. O. H.

BYGDENYTT

Kyrkjeleg årsstatistikk 1941.

	Haus sokn	Arna sokn	Gjerstad sokn
Gudstenester	34	65	33
Nattverdgjester	527	898	493
Fødde	34	85	34
Døypte	35	87	36
Konfirmera	40	64	23
Vigde	11	29	15
Jordfesta	13	38	16
Offer og kollekt i kyrkjene	1089.13	5706.36	917.34



Døypte

Arna sokn.

Nyårsdag i Arna kapell: Kari Lien Garnes, f. 8. oktober 1941.

Gjerstad sokn.

11. januar i Gjerstad kyrkja: Kari Kallekleiv, f. 10. novbr. 1941. Ellen Tveiterås, f. 31. oktbr. 1941. Bergljot Vevle, f. 28. novbr. 1941

*Ved vogga gode englar syngja,
Å, lat den song til gravi nå!
Og som deim krossen her skal tyngja,
So lat deim der di krone få!*

Nyn. nr. 524, 5.



Avlidne

Haus sokn.

15. januar: enkja Gjertrud Johs.dtr. Songstad, f. 7. mars 1852.

Gjerstad sokn.

17. januar: ug. Nils Olai Henriksen, Lidtun, f. 27. septbr. 1865.

Bu deg til å møte din Gud. Am. 4, 12.

Gudstenester



Sundag septuagesima 1. februar:

Haus kyrkja v/ soknepresten. Nattverd.
Arna kyrkja v/ kapellanen. Nattverd.

Sundag seksagesima 8. februar:

Gjerstad kyrkja v/ soknepresten. Nattverd.
Arna kapell v/ kapellanen. Nattverd.

Fastelagssundag 15. februar:

Arna kyrkje v/ soknepresten.
Haus kyrkja v/ kapellanen.

1. søndag i fasta 22. februar:

Arna kapell v/ soknepresten.
Gjerstad kyrkja v/ kapellanen.

2. søndag i fasta 1. mars:

Haus kyrkja v/ soknepresten. Nattverd. Ofring
til menighetsfakultetet.
Arna kyrkja v/ kapellanen. Nattverd.

Av klokkeklangen minni vakna:

*Dei tonar børde far og mor
Og gjekk til Gud med all sin saknad
Og fann si trøyst i Herrens ord.
Me og vil høyra Herrens røyst
Som gjev i liv og daude trøyst.*

Nyn. nr. 5, v. 2.

102 år.

Den eldste i prestegjeldet vårt, Anna Johannesdotter Blom, fylte 102 år den 15. januar. Sjølv um ho held sengi er ho etter måten frisk og fylgjer godt med. Vi sender vår hjartelege helsing med ynskje um Guds fred og signing yver livskvelden.

Bladstyrar: Prost Ludvig Klaastad, Haus.
Eksp.: J. W. Eides Boktrykkeri A/S, Bergen.

